16.09.2019

# Marknadsrapport

**Regionalt Nettverk** kom på tysdag. Den viser framleis vekst, men litt avtakande samanlikna med førre rapport. Det er delte meiningar om korleis det vil påverke rentemøtet denne veka. Fleire tar til orde for at neste renteauke ikkje kjem denne veka.

Torsdag var det **rentemøte i ECB**, og Draghi skuffa ikkje. Innskotsrenta vart sett med 10 basispunkter til -0,5 prosent. Samstundes vart det presentert at ECB skal kjøpe verdipapir for 20 mrd. euro månedleg frå november. Kjøpa skal pågå så lenge det er naudsynt.

Trump har mjukna opp litt i forhald til Kina. Dei nye tollsatsane som skulle gjelde frå første oktober er utsett i to veker. Bakgrunnen skal være ein gest til Kina som feirar 70 års dag for Folkerepublikken Kina 1. oktober.

Onsdag kveld falt oljeprisen markant, og utviklinga fortsatte torsdagen. Bakgrunnen for dette var at rykter om at Trump kjem til å lette på sanksjonane mot Iran. Dette skjer mest sannsynleg fordi Iran har nekta forhandlingar før det kjem lettingar i sanksjonar mot landet.

**Oljeprisen stig som ventar mandag morgon.**
AUka er som eit resultat av droneangrepet på eit oljeproduksjonsanlegg i Saudi Arabia i helga. Anlegget står for om lag seks prosent av verdas oljeproduksjon, eller i underkant av seks millionar fat. Frå stengetid fredag kveld har prisen på eit fat Nordsjøolje steget med om lag seks dollar fatet. På sitt høgaste i natt var prisen nesten 72 dollar fatet. I utgangspunktet var tilbod og etterspurnad om lag likt. Eit så stort bortfall av olje i marknaden vil naturleg nok auke prisen på olje veldig.




**Framtidige hendingar:**

| Dato | Tid | Hending | Land | Førre | Forventa | Periode |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 16.09.2019 | 04:00 | Industriproduksjon | Kina | 4,8 | 5,2 | August |
| 17.09.2019 | 09:30 | Arbeidsløyse | Sverige | 7,1 | 7,0 | August |
| 17.09.2019 | 11:00 | ZEW øk. Sentim. | Tyskland | -44,1 | -38 | September |
| 17.09.2019 | 15:15 | Industriproduksjon | USA | -0,2 | 0,2 | August |
| 18.09.2019 | 10:30 | Kjerneinflasjon | Storbritannia | 1,9 | 1,8 | August |
| 18.09.2019 | 11:00 | Kjerneinflasjon | Eurosona | 0,9 | 0,9 | August |
| 18.09.2019 | 14:30 | Bustadstart | USA | 1191 | 1250 | August |
| 18.09.2019 | 20:00 | Rentemøte | USA | 2,0 | 1,75 | September |
| 19.09.2019 | | Rentemøte | Japan | -0,1 | -0,1 | September |
| 19.09.2019 | 09:30 | Rentemøte | Sveits | -0,75 | | September |
| 19.09.2019 | 10:00 | Rentemøte | Norge | 1,25 | 1,50 | September |
| 19.09.2019 | 13:00 | Rentemøte | Storbritannia | 0,75 | 0,75 | September |

16.09.2019

## Valuta - prognosar

| Valutapar | Spot | 1 mnd | 3 mnd | 6 mnd | 12 mnd | Endring 1 v. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| USDNOK | 8,96 | 9,000 | 8,92 | 8,61 | 8,26 | 0,13 % |
| EURNOK | 9,92 | 9,90 | 9,82 | 9,70 | 9,53 | 0,55 % |
| CHFNOK | 9,06 | 9,12 | 9,10 | 8,78 | 8,48 | -0,17 % |
| JPYNOK | 8,31 | 8,49 | 8,47 | 8,20 | 7,94 | -0,99 % |
| GBPNOK | 11,17 | 10,89 | 10,88 | 10,76 | 10,74 | 1,93 % |
| SEKNOK | 0,933 | 0,925 | 0,920 | 0,916 | 0,911 | 0,50 % |
| EURCHF | 1,096 | 1,090 | 1,090 | 1,100 | 1,130 | 0,68 % |
| EURUSD | 1,108 | 1,103 | 1,110 | 1,120 | 1,150 | 0,42 % |

*Kjelde: Thomson Reuters* ***Oppdatert 06.09.2019**

**Endringar:**

Krona enda førre veke relativt flatt. Av dei store var det euroen som gjekk sterkast. Dette til trass for at styringsrenta vart satt ned eit knepp, samt at det kom fleire tiltak på bordet for å stimulere økonomien i Eurosona.

## Renter

| Rente | Nivå | Endring 1 v. |
|---|---|---|
| 3M NIBOR | 1,65 | -0,01 |
| Swap-rente | **ASK** | |
| **1 år** | 1,88 | 0,01 |
| **3 år** | 1,80 | 0,11 |
| **5 år** | 1,79 | 0,18 |
| **7 år** | 1,80 | 0,18 |
| **10 år** | 1,84 | 0,21 |

## Børs

| Børs | Nivå | Endring 1 v. |
|---|---|---|
| **Oslo Børs** | 893,7 | 2,32 % |
| **S&P 500** | 3.007 | 0,96 % |
| **DJ Ind** | 27.220 | 1,58 % |
| **FTSE** | 7.358 | 1,17 % |
| **Shanghai** | 3.175 | 1,05 % |
| **NIKKEI** | 21.988 | 3,72 % |
| **DAX** | 12.419 | 2,27 % |

**Endringar:**

Dei lange rentene gjekk overraskande mykje i førre veke. Kanskje er det ein korreksjon etter det store fallet vi har hatt gjennom sommaren, for det er ikkje mykje av hendingane den seinare tid som skulle tilseie ein slik oppgang.

Børsane går sterkt, og Oslo Børs opnar veka på same måte. Mykje av bakgrunnen til dette er nok den stigande oljeprisen. Equinor opnar opp over fire prosent.

**Kontaktinfo:**


| | | |
|---|---|---|
| **Jan Arne Aasen** | **57 82 97 47** | jan.arne.aasen@ssf.no |
| **Torgeir Strandenes** | **57 82 97 93** | torgeir.strandenes@ssf.no |
| **Sivert Roti** | **57 82 97 69** | sivert.roti@ssf.no |
| **Andreas C. Pedersen** | **57 82 93 68** | andreas.campbell.pedersen@ssf.no |
| **Meklarbord- felles** | **57 82 96 40** | valuta@ssf.no |

16.09.2019

## Valutapar













## Renter







## Energi og råvarer






Disclaimer

Denne rapport må sjåast på som marknadsføringsmateriale med mindre den er utarbeidd i samsvar til krav for investeringsanalyse, jfr. Forskrift til verdipapirhandellova 2007/06/29 nr. 876. Rapporten er utarbeidd av Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF). Denne baserer seg på kjelder som vert vurdert som truverdige, men SSF garanterer ikkje at informasjonen er presis, eller fullstendig. Uttalelsane i rapporten reflekterer SSF si oppfatning på det tidspunktet rapporten vart utarbeidd, og SSF tar atterhald om retten til å endre oppfatning utan varsel. Rapporten skal ikkje sjåast som eit tilbod, eller tilråding om kjøp, eller sal av finansielle instrument, eller deltaking i nokon form for investeringsstrategi. SSF tar ikkje på seg ansvar for verken direkte, eller indirekte tap, eller utgifter som skuldast forståinga av og/eller bruken av denne rapport. Informasjon om SSF sine Alminnelege forretningsvilkår er tilgjengeleg på vår heimeside www.ssf.no. Denne rapporten er kun meint å være til bruk for våre klientar, ikkje for offentleg publikasjon. SSF har organisasjonsnummer 946 670 081 i Føretaksregisteret, er medlem av Norges Fondsmeglerforbund og underlagt tilsyn av Finanstilsynet i Noreg. Ytterlegare informasjon om SSF finn ein på www.ssf.no.